

# - Syng jazzlåtar på norsk

● Lena Nymark med tekster av Jens Arne Molvær

## MUSIKK

To dagar i studio denne veka, og vips har Lena Nymark ei plate med standard jazzlåtar med norsk tekst klar.

– Tekstene Jens Arne Molvær har skrive er veldig fine, og eg har lenge tenkt at dei burde blitt spelt inn på plate. No er det gjort, og det vart veldig fint, fortel Lena Nymark.

Det musikaren frå Sula siktat til er at den erfarte jazzmusikaren Jens Arne Molvær for ei tid tilbake synte henne dei norske tekstene han har laga til standard jazzlåtar.

– Det er slikt som eg steller med, for det går godt an å syngje amerikanske jazzballadar på norsk, seier den 74-år gamle jazzmusikaren. Tidlegare denne veka vart han invitert av Lena Nymark til Ocean Sound Recordings på Giske saman med Askjell Molvær, Carlos Alberichi og Lars Martin Vik. Der har dei spelt inn ni jazzlåtar som Lena Nymark framfører på sunnmørsdialekt.

**Gi tilbake.** I 2014 vann Lena Nymark 2.-plassen i Musikkprisen, som resulterte i plateinnspeiling i studioet på Giske i premie.

– Jens Arne var klarinettlæren min då eg var lita. Han har vore til stor inspirasjon for meg seinare i livet pluss at han i ein mannsalder har vore ein pioner i musikklivet i Sula. Alt dette gjer at eg har lyst til å gi han noko tilbake, og bestemte meg for å bruke studiotida frå Musikkprisen til å spele inne denne jazzplata. Fint å kunne forevige tekstene hans på denne måten, meiner Lena Nymark.

«Smile» av Charlie Chaplin og «What are you doing the rest of your life» av Michal Legrand, er to av dei fem låtane Jens Arne Molvær har laga norsk tekst til.

**Kjærleik.** – Sjølve låtane blir spelt rett fram slik dei er, men med ein del improvisasjon. Særleg Askjell på piano pyntar litt på arrangementa, fortel Jens Arne Molvær.

– Kva handlar tekstene dine om?



JAZZ PÅ NORSK: Lena Nymark har vore i studio denne veka og sungen inn standard jazzlåtar med tekst på norsk skrivne av Jens Arne Molvær.  
Foto: STAALE WATTØ

## FAKTA

- Lena Nymark fødd 6. november 1980, busett i Langevåg.
- Ho er utdanna jazzsongar og musikkpedagog ved Norges musikkhøgskole. I tillegg til å syngje spelar ho mellom anna saksofon og klarinett.
- I fleire år ha ho spelt i trioen Dinosau, og saman med musikarar som Terje Isungset, Robert Post og i Trondheim Jazzorkester.
- I mai 2014 gav ho ut sitt første soloalbum «Beautiful Silence»
- 8. mars skal ho halde konsert på Rokken i Volda.



PLATEINNSPELING MED: Carlos Alberichi (trommer), Lars Martin Vik (bass), Lena Nymark (vokalist), Jens Arne Molvær (sax og klarinett) og Askjell Molvær (piano).

– Det er kjærleik, det veit du, humrar tekstforfattaren.

– Ja, men det er også mykje naturelement som vind, hav og bølgjer som symboliserer livet, skyt Lena Nymark inn.

**Søkje støtte.** Plata, som har arbeidstittelen «Fire vindar», blir ferdig miksa denne veka, men når den kjem ut på marknaden er uvisst.

– Eg er i gang med å søkje om støtte til å gi den ut, og håpet er at det dukkar opp sponsorar som gjer at publikum får høre musikken og tekstene til Jens Arne, fortel vokalist Lena Nymark.


**SOLFRID VARTDAL**  
solfrid.vartdal@smp.no

## DIKTSAMLING

**Forfattar:**  
Elias Giske

**Forlag:** Snøfugl  
Forlag

**Om forfattaren:**  
Elias Giske har vore ordførar for Senterpartiet i Giske kommune, fylkestingsrepresentant for Sunnmørslista, styremedlem i Ålesund og Giske Bruselskap og mykje meir.



## Elias Giske presenterer seg som lyrikar

### BOK

Det er berre den nærmaste familien hans som har visst at Elias Giske heilt sidan ungdomen av, har skrive dikt som han har lagt til side og som han no i alderdommen har teke fram att. Etter påtrykk har han gått med på å gi ut på Snøfugl forlag i Melhus, same forlaget som gav ut den første boka hans, «Folk eg møtte» i 2001.

Han har gitt diktboka namnet «Vestavind», som også er første diktet i boka. Første verset lyder slik: Du vestavind som stryk så

mildt eit fura kinn og gråe hår. Den same no som eg var ung då inga bør var tung.

Det er mange fine dikt i denne boka, prega av stemningar og opplevelingar Elias har hatt gjennom eit langt liv. Mange av dikta er religiøse og prega av gudstrua hans, men mange er også kommentarar til allmennmenneskelege opplevelingar. Mange dikt skildrar forfattarens møte med naturen. Eit dikt heiter: «Du kan ikkje spørje den som er død», og er nok uttrykk for ein anger som dei fleste av oss har kjent. Vi var nysgjerrige for seint. Dei to siste

versa lyder slik: «Du kan ikkje spørje dei som er død. Du kan ikkje seie det no. Ho høyrrer deg ikkje han ser ikkje no. Men enno finst andre ... skunda deg då».

Det er ei viktig oppfordring til oss alle om å spørje dei gamle og lytte til dei før det er for seint. To av dikta, «Havørna» og «Tjeldsen» har fått melodiar og notar for kor av dirigenten i Giske Mannskor, Arne Tunheim, og av organisten i Giske kyrkje, Richard Powell. Det er også andre vakre dikt i boka som bør få sin tone.

**HARALD KJØLÅS**